

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)

Dykkar ref.:

Voss, 02.10.15

### Uttale om MK og KDA, Nye Voss gymnas

Vi er kjent med at Fylkestinget i desember 2015 skal vedta plassering av dei nye utdanningsprogramma Medium og Kommunikasjon og Kunst, Design og Arkitektur, begge som Studieførebuande utdanningsprogram. I vedtak til Skulebruksplan som pr d d er gjeldande står det at det gamle utdningsprogrammet MK ( Yrkesfagleg) ikkje skal vidareførast på Nye Voss gymnas, men at tilbodet innan fagfeltet skal vere programfaget MIK på ST. Når det gjeld Studiespesialiserande med formgjevingsfag skal dette vidareførast.

For Nye Voss gymnas er det viktig å peike på at skulen med desse nye utdanningsprogramma vil vere den **einaste** skulen i Indre Region som tilbyr dei, alternativet for elevar frå vår inntaksområde vil vere å reise til Bergen og verte hybelbuar der. Vi vil hevde at der er eit godt distriktspolitisk perspektiv for å ha alle utdanningsprogram i alle regionar.

Når det gjeld rekruttering til desse fagfelte ser det for komande år ut til at MK rekrutterer noko betre enn KDA, til utprøving for 10 klasse frå vårt nære inntaksområde har det over to dagar meldt seg 17 elevar til KDA og 24 til MK. Til samanlikning har dei andre utdanningsprogramma som skal inn i Nye Voss gymnas fylgjande tal: MDD ( musikk) 25, Service og samferdsel 11, Design og handverk 14, Idrettsfag 70, ST 73. Dette gjeld for alle Vg1. Å basere ein framtidig skulestruktur på tal frå eitt år er likevel risikabelt. Det vi ser er at det fluktuerar frå år til år ma. på bakgrunn av kjønnsvariablar, fritidsinteresser og kva venane vel. Det er likevel verd å merke seg at dersom vi ein tek vekk eit programområde no, vil det truleg vere problematisk å etablere det igjen.

Djupedalutvalet peiker på fire sentrale fagområde i norsk skule, der det fjerde er **«Praktiske og estetiske fag**

*Betegnelsen praktiske og estetiske fag omfatter en bred gruppe fag, i dagens skole representert ved fagene musikk, kunst og håndverk, kroppsøving og mat og helse. Praktiske og estetiske fagområder bidrar til bredde i den kompetansen elevene skal utvikle i skolen som grunnlag for videre utdanning og yrkes- og samfunnsdeltakelse. Arbeidslivet trenger en rekke kompetanser som de praktiske og estetiske fagene i skolen tilbyr.*

*Estetiske fag bidrar til at elevene får oppleve ulike kunstneriske uttrykksformer og lærer å uttrykke seg og kommunisere gjennom ulike kunstformer. Kunstneriske og estetiske uttrykksformer kan bidra til refleksjon over det samfunnet vi lever i, og over ulike kulturer. Dette har stor betydning i et flerkulturelt samfunn. Å erfare og være med på å skape kunstneriske uttrykk kan ha*

*betydning for den enkeltes identitetsutvikling,  
kunnskapsutvikling og evne til å uttrykke seg.  
Fagene bidrar til å utvikle en annen type forståelse  
enn vitenskapelig orienterte fag og gir rom for å  
utforske og eksperimentere uten at målet er å  
komme fram til riktige svar.»*

Slik vi ser det er det viktig å ivareta dette kunnskapsfeltet også i vidaregåande skule og også i Indre region.

Eit siste moment som vi vil trekke fram er at ein no byggjer store og gode skular for framtida på Voss. Desse har eit romprogram tilpassa dei faga som vart vedtekne at skulle inn i dei nye skulane. For Nye Voss gymnas sin del er der også tatt høgde for IKTservicefag i romprogrammet og der er planar for ein Blackbox til bruk for MDD og som eit framtidig MK også kan ha fagleg nytte av. Slik vi ser det er det særst viktig å bidra til at skulane på Voss får god rekruttering og vert fylde når dei står klare. Vi arbeider målretta for å sikre god skulegang for elevane også i byggetida med det for auge at der ikkje skal setje seg reisemønster ut av regionen før skulane står ferdige til bruk. Vi har tru på at bygga i seg sjølv vil bidra til rekruttering i tillegg til at vi er særst medvitne om at både det faglege- og læringsmiljøet skal vere godt. Voss gymnas er no som ein av fire fylkeskommunale skular med i prosjektet *Helsefremmande skular* som nett har elevane sitt heilskapelege skulemiljø i fokus. Summen av dette gjer at vi trur på ei auka rekruttering når Nye Voss gymnas er klar til bruk.

Vi vonar at summen av desse argumenta kan gje utdanningsprogramma MK og KDA høve til oppretting og til å bekrefte sin eksistens i åra som kjem.

Med helsing

Unn Fauskanger  
Rektor Voss Gymnas